



**OSTERØY**  
KOMMUNE

**MØTEBOK**  
**Heradsstyret**



---

**Møtedato:** 07.11.2024  
**Møtetid:** 16:00 -22:00  
**Møtestad:** Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

---

**Frammøtte faste medlemmer**

| <b>Namn</b>                 | <b>Rolle</b> | <b>Parti</b> |
|-----------------------------|--------------|--------------|
| Kurt Ove Øksnes             | Medlem       | FRP          |
| Lars Fjeldstad              | Ordfører     | SP           |
| Alexander Thunestvedt       | Varaordfører | AP           |
| Turid Bjørndal Njåstad      | Medlem       | SP           |
| Helge Valestrand Edvardsdal | Medlem       | SP           |
| Gerd Karin Njaastad         | Medlem       | SP           |
| Johannes Haugland           | Medlem       | SP           |
| Janne Daltveit Tveit        | Medlem       | SP           |
| Frode Flesland              | Medlem       | SP           |
| Ann Kristin Borge           | Medlem       | AP           |
| Geir Olsen                  | Medlem       | AP           |
| Kim Andre Hartveit          | Medlem       | FRP          |
| Sigmund Arve Faugstad       | Medlem       | FRP          |
| Ragnar J Tyssebotn          | Medlem       | FRP          |
| Ann Helen Solberg           | Medlem       | FRP          |
| Sebastian Andre Haugland    | Medlem       | H            |
| Johannes O Borge            | Medlem       | H            |
| Aksel Mjøs                  | Medlem       | H            |
| Roald Waldemar Martinsen    | Medlem       | H            |
| Roy Husebø                  | Medlem       | INP          |
| Trygve Tønnessen            | Medlem       | INP          |

**Faste medlemmer som ikkje møtte**

| <b>Namn</b>   | <b>Rolle</b> | <b>Parti</b> |
|---------------|--------------|--------------|
| Herdis Helle  | MEDL         | AP           |
| Ruben Nielsen | MEDL         | FRP          |

|                       |      |     |
|-----------------------|------|-----|
| Renathe Tangen        | MEDL | V   |
| Jarle Skeidsvoll      | MEDL | KRF |
| Bjarte Hammer Aarland | MEDL | KRF |
| Roy Håkon Jenssen     | MEDL | SV  |

#### **Frammøtte varamedlemmer**

| <b>Namn</b>                | <b>Vara for</b>       | <b>Parti</b> |
|----------------------------|-----------------------|--------------|
| Kari Foseid Aakre          | Herdis Helle          | AP           |
| Kari Laurhammer Mjøs       | Jarle Skeidsvoll      | KRF          |
| Ann Kristin Åkerlund Riise | Bjarte Hammer Aarland | KRF          |
| Ingunn Vedå                | Ruben Nielsen         | FRP          |
| Odd Roald Ravndal          | Renathe Tangen        | V            |

#### **Følgjande frå administrasjonen møte:**

Politisk Sekretær

Kommunedirektør

Kommunalsjef for Helse, omsorg og sosial

Kommunalsjef for Felles Oppvekst, undervisning og kultur

Leiar for Service, Informasjon og Dokumentsenter

#### **Ekstra informasjon til møte:**

Før handsaming av politiske saker vart det gjennomført ei orientering om "Årsbudsjett 2025 og Økonomiplan 2025–2028", "Orientering om rusmiddelbruk – Osterøy" og "Introduksjon av ny heimeside".

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møt

## Sakliste

| Saksnr | Sakstittel |
|--------|------------|
|--------|------------|

|           |                                                                                                            |
|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| RS 62/24  | Status: Årsbudsjett 2025 og Økonomiplan 2025-2028                                                          |
| RS 63/24  | Orientering om Rusmiddelbruk - Osterøy                                                                     |
| PS 100/24 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                      |
| PS 101/24 | Godkjenning av møtebok 19.09.2024                                                                          |
| EV 2/24   | Orienteringssaker                                                                                          |
| PS 102/24 | Referatsaker og meldinger                                                                                  |
| RS 64/24  | Tertialrapport 2. tertial 2024                                                                             |
| RS 65/24  | Protokoll 5-2024 Regionrådet Nordhordland fredag 13. september                                             |
| RS 66/24  | Besøksforvaltning                                                                                          |
| RS 67/24  | Retting av feil skjenketidspunkt i skjenkeløyve - Mjøsvågen Landhandleri AS                                |
| RS 68/24  | Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 26.09.2024                                                 |
| RS 69/24  | IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 20.09.2024                                                  |
| RS 70/24  | Vedtak - lovlegkontroll HS 15/24                                                                           |
| PS 103/24 | Eigarskapsmelding for perioden 2024-2028                                                                   |
| PS 104/24 | Svar på høyring om "Samlingssentrum"                                                                       |
| PS 105/24 | Gårdsnr 13 bruksnr 213 avsettes til bustadføremål for personar med langvarige helse og omsorgstenestebehov |
| PS 106/24 | Medlemskap i kulturverntenesta                                                                             |
| PS 107/24 | Delegering av mynde etter rettspleielovene                                                                 |
| PS 108/24 | Endring av fastlegeavtalar ved Valestrand legekantor                                                       |
| PS 109/24 | Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO                                           |
| PS 110/24 | Søknad om kjøp av tomt                                                                                     |
| PS 111/24 | Andre saker/spørsmål/interpellasjoner                                                                      |

*Lars Fjeldstad*

*Ordfører*

RS 62/24 Status: Årsbudsjett 2025 og Økonomiplan 2025-2028

**Teken til vitande**

RS 63/24 Orientering om Rusmiddelbruk – Osterøy

**Teken til vitande**

PS 100/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 100/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

**Forslag frå administrasjon:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik det ligger føre

-----

**Saksfremlegg frå Kim Andre Hartveit (Frp):**

sak om klubbelia kjem opp på sakslista i dag

**Votering:**

Saksfremlegg frå Kim Andre Hartveit (Frp) falt med 8 røyster for og 18 røyster mot.

Røyster for 6 Frp, 2 Inp

Røyster mot: Sp, Ap, H, Krf, V,

-----

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 100/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

**Innkalling og saksliste vert godkjent slik det ligger føre**

PS 101/24 Godkjenning av møtebok 19.09.2024

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 101/2024 Godkjenning av møtebok 19.09.2024:

**Merknad frå Kim Andre Hartveit (Frp)**

Det vart oppdaga feil i protokollføringa av "Val av forliksråd for perioden 2025–2028". Denne feilen må rettast.

-----

**Merknad frå Alexander Thunestvedt (Ap)**

Vi må vere påpasselege med møteboka og føre ho slik at det er oversiktleg for vedtak som er gjorde, og slik at stemmegjeving kjem tydeleg fram.

Elles ingen merknad til møtebok.

**Votering:**

Møteboka vart samrøystes godkjend med følgjande merknad:

Rette opp feil i møtebok 19.09.2024 "Val av forliksråd for perioden 2025-2028"

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 101/2024 Godkjenning av møtebok 19.09.2024:

**Møteboka vart godkjend med følgjande merknad:**

**Rette opp feil i møtebok 19.09.2024 "Val av forliksråd for perioden 2025-2028"**

EV 2/24 Orienteringssaker /

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 2/2024 Orienteringssaker:

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 2/2024 Orienteringssaker:

**Teken til vitande**

PS 102/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 102/2024 Referatsaker og meldinger:

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 102/2024 Referatsaker og meldinger:

**Teken til vitande**

PS 103/24 Eigarskapsmelding for perioden 2024-2028

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 103/2024 Eigarskapsmelding for perioden 2024-2028:

**Formannskapet si innstilling 30.10.2024**

Revisjon av eigarskapsmelding for perioden 2024-2028 vert vedteke slik den ligg føre i vedlegg nr. 1 til saka. Tekst om Sakslivegen vert redigert

-----

**Kari Foseid Aakre (Ap) hadde følgende forslag:**

Heradsstyret ber kommunedirektøren vurdere å overføre ansvaret for eigarskapsmeldinga frå politisk sekretariat til økonomiavdelingen, for å sikre god kompetanse i fht best mulig forvaltning av verdiane i selskapet.

**Votering:**

Kari Foseid Aakre (Ap) trekkjer framlegget sitt.

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteken

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 103/2024 Eigarskapsmelding for perioden 2024-2028:

Revisjon av eigarskapsmelding for perioden 2024-2028 vert vedteke slik den ligg føre i vedlegg nr. 1 til saka.

Tekst om Sakslivegen vert redigert

PS 104/24 Svar på høyring om "Samlingssentrum"

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 104/2024 Svar på høyring om "Samlingssentrum":

#### **Innstilling frå Formannskapet 30.10.2024**

Osterøy kommune sender følgjande høyringssvar til Vestland fylke:

Osterøy kommune følgjer tilrådinga i punkt 8.6, i «Fullt hus!», som seier at Vestland fylke står som byggherre og eigar av det nye fellesmagasinet, etter same modell som det eksisterande anlegget i Salhus. Dette betyr at det blir ein driftsavtale av samlingssentrumet der MuHo vil drifte, men eigarskapet er fylket sitt. Fordelen er at det vil sikre alle museum ein stabil drift, og som alle museum òg «eig» ein like stor del av.

-----

#### **Votering:**

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 104/2024 Svar på høyring om "Samlingssentrum":

Osterøy kommune sender følgjande høyringssvar til Vestland fylke:

Osterøy kommune følgjer tilrådinga i punkt 8.6, i «Fullt hus!», som seier at Vestland fylke står som byggherre og eigar av det nye fellesmagasinet, etter same modell som det eksisterande anlegget i Salhus. Dette betyr at det blir ein driftsavtale av samlingssentrumet der MuHo vil drifte, men eigarskapet er fylket sitt. Fordelen er at det vil sikre alle museum ein stabil drift, og som alle museum òg «eig» ein like stor del av.

PS 105/24 Gårdsnr 13 bruksnr 213 avsettes til bustadføremaal for personar med langvarige helse og omsorgstenestebehov



Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 105/2024 Gårdsnr 13 bruksnr 213 avsettes til bustadføre mål for personar med langvarige helse og omsorgstenestebehov:

**Innstilling frå Formannskapet**

Gårdnr 13/bruksnr 213 blir sett av til bustadføre mål knytt til personar med behov for varige helse og omsorgstenester.

-----

**Votering:**

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteken

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 105/2024 Gårdsnr 13 bruksnr 213 avsettes til bustadføre mål for personar med langvarige helse og omsorgstenestebehov:

**Gårdnr 13/bruksnr 213 blir sett av til bustadføre mål knytt til personar med behov for varige helse og omsorgstenester.**

PS 106/24 Medlemskap i kulturverntenesta

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 106/2024 Medlemskap i kulturverntenesta:

**Innstilling frå Formannskapet 30.10.2024**

Osterøy kommune/Osterøy heradsstyre ber Regionrådet vurdere å inngå avtale med Vestland fylke og Museumssenteret i Hordaland (MuHo) om kulturverntenesta (KIN). Fram til dette er avklart, går Osterøy kommune inn i avtalen som Museumssentra i Hordaland og fleire andre kommunar har med Vestland fylke om kulturverntenesta.

-----

**Kim andre Hartveit (Frp) hadde følgjande framlegg:**

osterøy kommune søker ikkje Medlemskap i kulturverntenesta grunna kommune økonomi og at det ikkje er ei lovpålagt teneste

-----

**Alexander Thunestvedt (Ap) hadde følgjande framlegg:**

Osterøy kommune/Osterøy heradsstyre ber Regionrådet vurdere å inngå avtale med Vestland fylke og Museumssenteret i Hordaland (MuHo) om kulturverntenesta (KIN)

Kommunen sitt medlemskap i kulturverntenesta vert å ta stilling til i samband med budsjett 2025

-----

**Votering:**

Kim andre Hartveit (Frp) trekkjer framlegget sitt.

Innstilling frå formannskapet vert sett opp mot forslag til vedtak frå Alexander Thunestvedt (Ap).

Forslag til vedtak frå Alexander Thunestvedt (Ap) vart vedteke med 21 røyster for og 5 røyster for innstilling frå formannskapet.

Røyster for Alexander Thunestvedt (Ap) sitt framlegg:21

Gerd Karin Njaastad (Sp), Helge Valestrand Edvardsdal (Sp), Janne Daltveit Tveit (Sp), Johannes Haugland (Sp), Lars Fjeldstad (Sp), Turid Bjørndal Njåstad (Sp), Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Kurt Ove Øksnes (Frp), Ragnar J Tyssebotn (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Alexander Thunestvedt (Ap), Ann Kristin Borge (Ap), Geir Olsen (Ap), Kari Foseid Aakre (Ap), Johannes O Borge (H), Ann Kristin Åkerlund Riise (Krf), Roy Husebø (Inp), Trygve Tønnessen (Inp), Odd Roald Ravndal (V)

Røyster for innstilling frå formannskapet:5

Frode Flesland (Sp), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Kari Laurhammer Mjøs (Krf)

**Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 106/2024 Medlemskap i kulturverntenesta:**

**Osterøy kommune/Osterøy heradsstyre ber Regionrådet vurdere å inngå avtale med Vestland fylke og Museumssenteret i Hordaland (MuHo) om kulturverntenesta (KIN)**

**Kommunen sitt medlemskap i kulturverntenesta vert å ta stilling til i samband med budsjett 2025**

PS 107/24 Delegering av mynde etter rettspleielovene

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 107/2024 Delegering av mynde etter rettspleielovene:

**Innstilling frå Formannskapet:**

Heradsstyret vedtek følgjande nye punkt til Reglement for delegering av mynde frå heradsstyret til kommunedirektør:

§ 2-13 Bruk av forliksråd og namsmynde

Kommunedirektøren har innafor følgjande område mynde til å:

- ☐ Ta ut forliksklage etter tvistelova kap. 6.
- ☐ For saker med tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyrdingslova:
  - o Følge opp saker for inndrivning eller tvangsgjennomføring av namsmyndet.
- ☐ For saker i forliksrådet og namsmyndet:
  - o Peike ut representant etter tvistelova §2-3.
  - o Engasjere prosessfullmektig etter tvistelova kap. 3.

-----

**Fralegg til vedtak Trygve Tønnessen (Inp):**

NP sitt forlag til tilråding blir at kommunen i begge sakskompleks, både jf krav via tvisteloven samt krav som omfattast som legalpantekrav innehar all nødvendig myndigheit som kreditor til å iverksette innkreving innafor lovens rammer. Saken bør sendes tilbake til administrasjonen for nødvendig utgreiing som gir politikerne et syn på:

- Hvem skal avgjøre om en sak er kurant? Hva er beløpet for å kalle en sak kurant? er det vilkår og beløp under småkravsprosess som skal legges til grunn?
- Hvem skal avgjøre om en sak er prinsipiell, hvilke rammer skal avgjøre om en sak er prinsipiell?

**Votering:**

Innstilling frå Formannskapet vert sett opp mot framlegg til vedtak frå Trygve Tønnessen (INP)

Innstilling frå formannskapet vart vedteken med 18 røyster for og 8 røyster for fralegg frå Trygve Tønnessen (INP)

Røyster for innstilling frå formannskapet:18

7 Sp, 4 H, 4 Ap, 2 Krf, V

Røyster for fralegg frå Trygve Tønnessen (INP):8

6 Frp, 2 Inp

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 107/2024 Delegering av mynde etter rettspleielovene:

**Heradsstyret vedtek følgjande nye punkt til Reglement for delegering av mynde frå heradsstyret til kommunedirektør:**

**§ 2-13 Bruk av forliksråd og namsmynde**

**Kommunedirektøren har innafor følgjande område mynde til å:**

- ☒ **Ta ut forliksklage etter tvistelova kap. 6.**
- ☒ **For saker med tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyrdingslova:**
  - oFølge opp saker for inndrivning eller tvangsgjennomføring av namsmyndet.**
- ☒ **For saker i forliksrådet og namsmyndet:**
  - oPeike ut representant etter tvistelova §2-3.**
  - oEngasjere prosessfullmektig etter tvistelova kap. 3.**

PS 108/24 Endring av fastlegeavtalar ved Valestrand legekantor

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 108/2024 Endring av fastlegeavtalar ved Valestrand legekantor:

**Innstilling frå Formannskapet:**

Osterøy kommune tilbyr avtale om økonomisk samarbeid etter Rammeavtalen ASA 4310 – 8.2 med legane på Valestrand legekantor.

**Votering:**

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteken

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 108/2024 Endring av fastlegeavtalar ved Valestrand legekantor:

**Osterøy kommune tilbyr avtale om økonomisk samarbeid etter Rammeavtalen ASA 4310 – 8.2 med legane på Valestrand legekantor.**

PS 109/24 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO

**Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 109/2024 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO:**

**Innstilling frå Formannskapet:**

Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefelleskap.

**Votering:**

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteken

**Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 109/2024 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO:**

**Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefelleskap.**

PS 110/24 Søknad om kjøp av tomt

**Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 110/2024 Søknad om kjøp av tomt:**

**Innstilling frå formannskapet:**

Heradsstyret vedtek å selje del av kommunal grunn til Bergen Økologiske Landsby. Aktuelt areal er synt på vedlagt skisse. Kommunedirektøren får mynde til å forhandle fram vilkår for sal og gjennomføre salet.

**Votering:**

Innstilling frå Formannskapet vart vedteken med 20 røyster for og 6 røyster mot

Røyster for:20

7 Sp, 4 H, 4 Ap, 2 Krf, V, Sigmund Arve Faugstad (Frp), Roy Husebø (Inp)

Røyster mot:6

Trygve Tønnessen (Inp), Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Kurt Ove Øksnes (Frp), Ragnar J Tyssebotn (Frp), Trygve Tønnessen (Frp)

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 110/2024 Søknad om kjøp av tomt:

**Heradsstyret vedtek å selje del av kommunal grunn til Bergen Økologiske Landsby.  
Aktuelt areal er synt på vedlagt skisse. Kommunedirektøren får mynde til å forhandle fram  
vilkår for sal og gjennomføre salet.**

PS 111/24 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 111/2024 Andre  
saker/spørsmål/interpellasjoner:

Vedtak i Heradsstyret - 07.11.2024 av sak 111/2024 Andre  
saker/spørsmål/interpellasjoner:

**Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.**